



Årdal kommune

TEMAPLAN FOR UTEDRIFT

VEG
TRAFIKKTRYGGING
PARKAR
IDRETTSANLEGG

2016 – 2022 (2026)

INNHALD:

Oversyn over vedlegg, s.3

Kommunestyret sitt vedtak, s.4

Innleiing s. 3

Planprosess i revisjonsarbeidet, s.4

DEL I - VEGAR OG TRAFIKKTRYGGING:

1.0 Bakgrunn – veg og trafikktrygging s.4

1.1 Generelt

1.2 Regelverket

1.3 Aktørar i vegsektoren og i trafikktryggingsarbeidet

2.0 Vegnettet i Årdal, s.8

2.1 Kort om kommunen

2.2 Fylkesveg 53

2.3 Andre fylkesvegar

2.4 Kommunale vegar

3.0 Trafikktryggingsarbeid – situasjonen i dag, s.10

3.1 Årdal Tenk Tryggleik

3.2 Trafikkregulering og kontroll

3.3 Opplæring og informasjon

4.0 Trafikktryggleik – situasjonen i dag, s.14

4.1 Landet og generelt

4.2 Tilstanden i fylket og vegdistriktet

4.3 Ulukker på vegnettet i Årdal

4.4 Trafikkfarlege stader i Årdal

5.0 Visjon og hovudmål for trafikk og vegnett, s.14

6.0 Delmål og tiltak, s.15

6.1 Tryggleik

6.2 Den kommunale vegsektoren generelt

7.0 Fysiske tiltak – trafikktrygging, s.17

7.1 Strakstiltak/skilting og større fysiske tiltak

7.2 Fartsmåling

7.3 Drift

7.4 Trafikktrygging – kommunale investeringar 2016 - 2022

8.0 Tiltak i heile vegsektoren samla, s.20

8.1 Tiltak knytt til kommunale vegar

8.2 Parkering

8.3 Bilvrak på offentleg veg/plass

8.4 Kommunale investeringar totalt på vegnettet 2010 - 2013

8.5 Kommunen sitt samla vegbudsjett

8.6 Arbeid for andre

DEL II: PARKAR, IDRETTSANLEGG, LEIKEPlassAR M.V

9.0 Bakgrunn for planarbeidet, s. 23

9.1 Ansvarstilhøve

9.2 Generelt om prioritering

9.3 Målsetjingar og strategiar for kommunen sin politikk på området idrett og folkehelse

10.0 Beskriving av nosituasjon – registrering av anlegg og aktivitet, s.24

10.1 Areal som Teknisk utedrift, park, har ansvaret for

10.2 Idrettsanlegg, nærmiljøanlegg m.v.

10.3 Parkar, grøntanlegg og sentrumsområde

10.4 Arbeid for andre

11.0 Opprusting og vedlikehald – prioritering, s.26

11.1 Prioritering ballplassar/idrettsanlegg

11.2 Prioritering leikeplassar

11.3 Prioritering parkanlegg og andre grøntanlegg

12.0 Driftsrutinar, s.27

13.0 Avhending og utleige av areal, s.28

14.0 Samla budsjett, s.28

OVERSYN OVER VEDLEGG

Vedlegg 1 – Aktuelle fysiske trafikktryggingstiltak (innspel m.v.)

Vedlegg 2 – Vegregister

Vedlegg 3 – Standardkrav

Vedlegg 4 – Prioritering ballplassar og leikeplassar

Vedlegg 5 – Kart og oversyn over ulike idretts/leike-anlegg m.v.


INNLEIING

Generelt

Denne temaplanen omfattar dei fleste aktivitetsområde som ligg innafor utedrifta i kommunen. Planen fastlegg kommunen sine prioriteringar for aktiviteten i planperioden. Veg/trafikkdelen er ei oppdatert utgåve av tilsvarande plan for 2010 – 19.

Planen vil m.a. liggja til grunn for detaljplanlegging/utbygging og drift av anlegga i perioden 2016 – 2026, og han skal danna grunnlag m.a. for årlege søknader om trafikktryggingssmidlar frå Fylkeskommunen og vera ein del av grunnlaget for økonomiplanarbeidet i kommunen

Kommunedelplanen sin plass i plansystemet kan illustrerast slik:



Seinare planrutinar

Denne temaplanen er ein del av kommuneplanen. Planen skal syna kva for tiltak som skal gjennomførast dei neste åra og vil såleis liggja til grunn for seinare detaljplanlegging, utbygging og andre aktivitetar.

Planen skal handsamast politisk og reviderast minst ein gong i kvar valperiode.

Oversyn over arbeidsoppgåver/økonomi som utedrifta i kommunen omfattar

Tabellen nedanfor gjev eit oversyn over ansvarsområda med det økonomiske omfanget dei seinare åra.

Ansvar	162	Rekneskap 2013		Rekneskap 2014		Budsjett 2015	
		Funksjon	Tekst	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter
28501	Fylkesveg 302	193.000	239.000	195.000	247.000	254.000	218.000
28502	Fylkesveg 302 - vinter	231.000	0	208.000	0	206.000	0
28503	Fylkesveg 301 og 303	606.000	171.000	575.000	281.000	564.000	309.000
33211	Kommunale vegar	2.214.000	62.000	2.709.000	48.000	2.884.000	20.000
33212	Komm.vegar - vinter	873.000	0	843.000	20.000	1.203.000	0
33213	Gatelys	1.763.000	27.000	1.432.000	28.000	1.545.000	10.000
33214	Kantslått	0	0	0	0	34.000	0
33215	Gatefeiing	1.000	0	17.000	8.000	55.000	0
33216	Asfaltering	332.000	0	250.000	0	250.000	0
33217	Ofredalsvegen	30.000	0	51.000	0	0	0
33218	Kommunale bruer	99.000	0	11.000	0	200.000	0
33219	Trafikktrygging	1.283.000	365.000	570.000	321.000	200.000	0
33510	Parkar grøntanlegg	2.399.000	133.000	3.050.000	38.000	2.590.000	450.000
33512	Leikeplass	323.000	26.000	293.000	0	328.000	0
38114	Idrettsanlegg	341.000	10.000	336.000	1.000	313.000	0
SUM		10.688.000	1.033.000	10.540.000	992.000	10.626.000	1.007.000

PLANPROSESS I REVISJONSARBEIDET

Revisjonsarbeidet vart kunngjort ved avisannonse våren 2015, og det vart opna for å koma med innspel.

Dei innspela som kom har vorte systematiserte og bearbeidde og er, saman med anna bakgrunnsmateriale (t.d. førre plan og andre kommunale planar) lege til grunn for arbeidet og drøftinga på møta.

Prosjektansvarleg i kommunen er Bjørn Indrebø, medan Karen Sofie Lereng har delteke som sekretær. Prosjektansvarleg i kommunen har og hatt nær kontakt med andre som har ansvar innafor dei områda som planen omfattar – både kommunale avdelingar og andre instansar.

DEL I - VEGAR OG TRAFIKKTRYGGING:

1.0 BAKGRUNN – VEG OG TRAFIKKTRYGGING

1.1 GENERELT

Vegsektoren

Samferdsle er ei grunnleggjande verksemd. Eit veldrive og godt utbygt vegnett har mykje å seia for innbyggjarane sin kvardag. Vegsystemet har, i tillegg til å fungera som ei rasjonell transportåre, mange ulike funksjonar, som t.d. å vera skuleveg, turveg

Vegforvaltning er eit samansett aktivitetsområde. Medan brukarane opplever vegnettet som ei samanhengande eining, er forvaltninga fordelt på fleire nivå. Det vil såleis m.a. vera trong for spesiell merksemd på samordning.

Vidare er det viktig at ein fokuserer på dei økonomiske verdiane vegnettet representerer.

Trafikktryggleik

Trafikkulukker er eit omfattande problem i eit moderne samfunn. Politiet registrerer årleg om lag 12.000 trafikkskadde personar her i landet. I tillegg til dette blir mange ulukker aldri melde. Dette gjeld i særleg grad dei som ikkje omfattar personskader eller som berre omfattar lettare personskader. Samla tal skadde i Noreg er berekna til 35-40.000 i året.

Dette gjev store konsekvenser for den einskilde trafikkskadde, men også for samfunnet i form av økonomiske utslag m.a. innanfor helsesektoren. Vegstyresmaktene reknar at kvar ulukke med personskader kostar samfunnet om lag 2 millionar kroner. Sjølv om ein berre reknar med dei rapporterte ulukkene, er samla kostnad for samfunnet over 20 milliarder kroner i året. Møteulukker og utforkøyringsulukker har større kostnader enn snittet

For å oppnå auka innsats i trafikktryggingsarbeidet, må ei rekkje verkemiddel takast i bruk. Her sit kommunane med ei sentral rolle, og frå og med år 2001 har kommunal trafikktryggingsplan vore ein føresetnad for å få tildelt statlege/fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar.

Oppsummert er målet med denne planen å:

- *gje ei samla oversikt over trafikkfarlege stader i kommunen og prioritera tiltak m.a. for å gje grunnlag for støtte frå statlege trafikktryggingsmidlar*
- *fokusera på haldningskapande tiltak, t.d. gjennom at barn og unge blir trekt inn i trafikktryggingsarbeidet*
- *sikra eit godt og tenleg vegsystem for dei ulike brukargruppene*
- *ta vare på verdiane som er nedlagde i vegsystemet*
- *sikra at dei kommunale ressursane i vegforvaltninga ut frå ovannemnde blir sett inn der dei gir størst effekt.*

1.2 REGELVERKET

Ei rekkje lover, forskrifter m.m. har innverknad på trafikktryggleiken og vegane. Følgjande er dei viktigaste:

- Vegtrafikklova med tilhøyrande forskrifter og utfyllande reglar dannar grunnlaget for svært mange trafikktryggingstiltak, skilt, trafikkopplæring, krav til køyretøy osv.
- Veglova omfattar m.a. heimel til fastsetjing av standarden på vegnettet både på hovudvegar og lokalvegar. Vidare blir kostnadsfordelinga mellom staten, fylkeskommunen og kommunane avklart for riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar.
- I tillegg til dette har Statens Vegvesen gjeve ut eigne handbøker. Desse er i første rekke meint til bruk i etaten sjølv, men også gjort tilgjengeleg for andre slik som kommunane.

Ein viktig del av desse handbøkene er Vegnormalane der krav til bygging og vedlikehald/drift av fylkesvegar/ riksvegar er sette opp. Dette dannar eit viktig grunnlag også for kommunale vegar.

- Plan og bygningslova (PBL) er svært viktig for å kunna gjennomføra fysiske tiltak i den enskilde kommune. Planlegging av vegar følgjer no reglane i PBL. Lova gir og det juridiske grunnlaget for oreigning av grunn i samband med iverksetjing av tiltak.
- Med heimel i PBL er det fastsett Rikspolitiske Retningslinjer for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegging. Dette er viktig m.a. i høve til trafikktrygging.

1.3 AKTØRAR I VEGSEKTOREN OG I TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET

Mange instansar arbeider med veg og trafikk:

Statens Vegvesen har ansvar for ei rekkje tiltak og forvaltingsoppgåver:

- På riksvegane med grunnlag i statlege løyvingar
- På fylkesvegane med grunnlag i løyvingar frå fylkeskommune og statlege tilskot
- Kontroll av teknisk tilstand på bil/motorsyklar etc
- Utfiering av sertifikat for motorkøyrety
- Samarbeid om opplæring i skule/barnehage/friviljuge organisasjonar
- Har skiltmynde for dei fleste skilt
- Gjennomfører trafikktryggingsynfaring i kommunane kvart 3. år
- Gjev ut handbøker – m.a. Vegnormalane

Fylkeskommunen er eigar av fylkesvegnettet, som frå og med år 2010 er vorte utvida ved overføring av mange tidlegare riksvegar.

Fylkeskommunen har etter vegtrafikklova §40A eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremja trafikktrygginga i fylket (for heile vegnettet) og det vert difor utarbeidd fireårig handlingsplan for trafikktrygging.

Frå 1/1 2010 kan departementet gje føreskrifter med nærmare bestemmelsar om at fylkeskommunen vert pålagd å utarbeida og gjennomføra ulike tiltak knytt til trafikktrygging.

Fylkeskommunen har vidare, frå 1/1 2010, gjennom folkehelselova fått ansvar for å fremja folkehelsa. Mellom anna skal fylkeskommunen førebyggja skade og lidning. Dette ansvaret må sjåast i samanheng med det førebyggjande trafikktryggleiksarbeidet i fylkeskommunen.

Fylkeskommunen tildeler tilskot til trafikktryggingstiltak på kommune- og fylkesvegar ("Aksjon skuleveg-midlar").

Politiet:

- Samarbeider med skule/barnehage om trafikkopplæring
- Etterforskar og rapporterer trafikkulukker med personskader
- Har vedtaksmunde for ein del trafikkregulerande tiltak
- Gir fråsegn i skiltsaker
- Politi, lensmann og utrykkingspoliti (UP) gjennomfører kontroll av førarar og køyrety.

Private og friviljuge organisasjonar mv.:

Trygg Trafikk gir trafikkfagleg støtte til lag og organisasjonar, og har utarbeidd undervisningsmateriell til bruk i skule og barnehage. Organisasjonen arbeider for å oppnå best mogleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper og har tilsett sekretær i alle fylka.

Bilorganisasjonar (NAF, MA...) deltek ofte økonomisk og på annan måte. Dette kan og gjelde andre trafikantorganisasjonar, t.d. sykkelforbund.

Trafikkskulane og rutebilselskapa har og ei viktig rolle i trafikktryggingsarbeidet.

Kommunane:

Kommunane eig og driv det kommunale vegnettet.

Hovudtrekka i kommunane sitt trafikktryggingsarbeid går fram av denne tabellen:

<i>Verkemiddel</i>	<i>Underlagt kommunen</i>	<i>Påverknad av statlege- og fylkesetatar</i>
Planarbeid etter plan- og bygningslova	•	
Tiltak på kommunale vegar	•	
Tiltak på fylkes/riksvegar		•
Helsestasjon – informasjon til foreldre m.v.	•	
Trafikkopplæring i barnehage og skule	•	
Trafikkopplæring i vidaregåande skule		•
Overvaking og kontroll		•
Trafikantinformasjon	•	•

Kommunane kan påverka tiltak på fylkes- og riksvegar, trafikkopplæring og kontroll/-overvaking, m.a. i høve korleis tiltak skal prioriterast. Kommunale veg/trafikktryggingsplanar er her viktige. Kommunane kan og fastsetja fartsgrensene på kommunale vegar.

2.0 VEGNETTET I ÅRDAL

Det vert her gjeve eit kort oversyn over heile vegnettet i kommunen og sagt litt om standard og drift/vedlikehald. Trafikkfarlege stader på vegnettet kjem me nærare attende til i kap. 4.0.

2.1 KORT OM KOMMUNEN

Årdal kommune har 5477 innbyggjarar (01.10.14). Dei fleste av desse bur i tettstadene Årdalstangen nede ved Sognefjorden og Øvre Årdal, om lag 13 km lenger framover i dalføret. Kommunen sin sentraladministrasjon ligg på Årdalstangen.

Utanom dei to tettstadene er det relativt tettbygt i Seimsdalen (knytt til Årdalstangen) og i Utladalen (knytt til Øvre Årdal). Vidare er det spreiddbygde grender i Fardalen, Vikadalen (Naddvik) og Offerdal – det siste bygdelaget har hatt vegtilknytning berre nokre få år. Dei to tettstadene er bundne saman av Fv53, som på denne strekninga går gjennom område utan busetnad og med svært bratt og fjellrikt (dels rasutsett) terreng. Denne delen av riksvegen er etter måten sterkt trafikkert.

Fjellvegen Årdal – Tyin (Fv53) bind kommunen saman med Austlandet (Valdres). Til eige fylke er det vegsamband til Lærdal kommune, med vidare tilknytning mot Bergen (Lærdalstunnelen) og mot Austlandet (via Valdres/Hallingdal) og via ferjesambandet Fodnes – Mannhiller nordover i fylket/landsdelen. Då sambandet til Lærdal kom, gav det sterk auke i trafikken i ytre deler av kommunen (Vikadalen).

2.2 FYLKESVEG 53

Den ovennevnte vegen er frå 01.01 2010 omgjord frå riksveg til fylkesveg (Fv53). Veggen omfattar ei strekning på ca. 52 km – frå grensa mot Lærdal i vest og austover til grensa mot Oppland Fylke (Vang i Valdres).

Den vestlegaste delen (til og med Vikadalen) er relativt nybygd og har høg standard med to køyrefelt. Strekninga vidare inn mot Årdalstangen er eldre med meir varierende standard, både når det gjeld dekke og kvalitet på tunnelane.

Strekninga Årdalstangen – Øvre Årdal har, som nemnt, stor trafikk. M.a. er det mykje tungtrafikk mellom industriverkemdene på Årdalstangen og i Øvre Årdal – hjørnesteinsverksemdene i kommunen. Det er nokre tunnelar og nokre rasutsette stader på strekninga. Siste del av Fv53, mellom Øvre Årdal og Tyin (fylkesgrensa i aust), har dels låg standard. Manglande vinterregularitet vert likevel av kommunen her opplevd som det største problemet.

Statens Vegvesen har, i samarbeid med fylkeskommunen, det daglege ansvaret for fylkesvegane.

2.3 ANDRE FYLKESVEGAR

Desse er:

Fv301: Øvre Årdal – Utladalen (Hjelle) – ca. 7,0 km

Fv302: Øvre Årdal – Fardalen (Midtun – Åbøle/Haug) – ca. 5,4 km

Fv303: Årdalstangen – Seimsdalen – ca. 6,5 km

Fv303 har ei grense på maks 10 tonn akseltrykk. Det same har Fv301 med unntak for om lag 400 meter ved Hjelle (8 tonn). Fv302 har maks 8 tonn akseltrykk.

Største lovlege køyretøybreidde er 2,55 m på desse tre vegane, medan største lovlege lengde for vogntog er:

18,75 m for Fv301 (12,40 m for ei strekkje på 400 m ved Hjelle)

12,40 m for Fv303

10,00 m for Fv302

Seimsdalstunnelen mellom Årdalstangen og Seimsdalen (Fv303) har for låg standard med omsyn til breidde og høgde. Dette skaper problem både for trafikkavvikling og når det gjeld trafikktryggleik.

2.4 KOMMUNALE VEGAR

Omfang av kommunalt vegnett:

Vegregister for kommunale vegar ligg ved (vedlegg 2)

Kommunen forvaltar eit omfattande vegnett, til saman ca. 67km, slik det går fram av samletabellen nedanfor og det vedlagde vegregisteret.

Stad	Lengde(meter)	Areal (m2)
Øvre Årdal	17 801	110 744
Utladalen	12 368	35 857
Fardalen	2 700	10 800
Årdalstangen	12 406	70 960
Seimsdalen m/Offerdal	22 030	69 674
Naddvik	2 800	9 200
Sum	70 105	307 235

NB 5500 m grusveg Offerdal

Offerdalsvegen omfattar m.a. ein tunnel på 2400 meter.

Kommunen har i tillegg eit omfattande frittliggjande gang/sykkelvegnett og parkeringsplassar og anna torg/plassareal mm. som ikkje går fram av registeret.

Lovleg akseltrykk

Børtnesvegen, Ø.Årdal (450m), vegar i Fardalen (2.750m) og i Offerdalen (12.170m) har ei grense på maksimalt 8 tonn akseltrykk. Resten av det kommunale vegnettet har grense 10 tonn.

Offerdalsvegen har nedsett akseltrykk til 6 tonn i teleløysinga.

Lovleg storleik for køyretøy

Dei kommunale vegane har ei lovleg breidde for køyretøy på 2,55 meter. Lovleg lengde for vogntog varierer frå 18,75 m for nokre av dei viktigaste vegane ned til 10,00 m

Vurdering av tilstanden på kommunale vegar

I vegregisteret er det eigen kolonne for vurdering av tilstanden og for merknader til kvar enkelt veg.

Alle dei kommunale vegane med få unntak er breiare enn minimumskravet sett i vegnormalen: 3,0 meter vegbreidd med 0,5 meter skulder på kvar side.

Drift og vedlikehald fungerer bra. I veg/trafikktryggingsplan 2015 – 2025 vart det vedteke kommunal standard for drift og vedlikehald (vedlegg 4). Denne vart utvida, gjelder også for park/idrettsanlegg. Krav til nye veganlegg er og teke inn.

Asfalteringsbehov for dei første 6 åra går fram av ein eigen asfalteringsplan som vert revidert/rullert kvart år.

Vegsektoren i kommunen – organisering og økonomi

Veg/anlegg/transport er eigen seksjon innafor avdeling Teknisk. Utetenesta på vegsida nyttar 3 årsverk i tillegg til avdelingsleiar felles med utetenesta for parkar.

3.0 TRAFIKKTRYGGINGSARBEID – SITUASJONEN I DAG

3.1 ÅRDAL, TENK TRYGGLEIK (ÅTT).

ÅTT er eit samarbeidsprosjekt mellom Årdal kommune/Tekniske Tenester, Skadeforebyggende Forum, Politiet, Statens Vegvesen, lokalt næringsliv, lag og

organisasjonar og bygdefolk flest.

Føremålet er å førebygge skade ulukke og kriminalitet i kommunen ved å få alle til å ta del.

ÅTT er ei "adresse" alle kan vende seg til, og der alle får svar.

Attendemeldingsgarantien er drivkrafta i konseptet og lokalsamfunnet tenkjer såleis tryggleik både i fritid og arbeid.

Prosjektet vart etablert 1988 og kommunen vart i år 2000 godkjent som Trygt Lokalsamfunn.

Styrande komité som er ÅTT sitt øvste organ, er tverrsektorielt/tverretatleg samansett.

Næringsliv, lag og organisasjonar er representert i komiteen.

Trafikktryggleik har sidan starten hatt høg prioritet .

Politi, kommunalteknikk, skulane, lokale bedrifter og Trygg Trafikk er viktige

Samarbeidspartnarar på dette området.

Andre aktivitetar i ÅTT er:

- Mottak loggføring av hendingar, situasjonar, forslag. Kontakt med rett instans i sakene.
- Årlege vernerundar i heile kommunens gatenett, med brev og foto til eigar av evt problem.
- Refleksvestar til barnehagane
- Refleksvestar til 1. klasse i september
- Utlevering av sykkelhjelm til 4. klassane
- Prosjekt "Politikameratane" for 15 åringar

Folkehelsekoordinator er dagleg leiar for ÅTT og er fast tilsett i 50% stilling med kontorstad Øvre Årdal

3.2 TRAFIKKREGULERING OG KONTROLL

Lensmannskontoret samarbeider med lensmannskontora i Lærdal og Aurland, Sogndal politistasjon Vidare har eit samarbeid med Statens vegvesen(særleg ved etterforsking), Årdal tenk tryggleik (ÅTT), Trygg Trafikk og andre.

Når det gjelder ÅTT, samarbeider vi om besøk i barnehage(politibamsen), barne og ungdomsskule, og vidaregåande skule(russ).

Politiet og Statens Vegvesen har saman eit ansvar for overvaking og kontrollverksemd i trafikken. Politiet si trafikkovervaking gjeld alle sider ved vegtrafikken, medan Statens Vegvesen har eit noko meir avgrensa arbeidsområde. (Tunge kjøretøy, teknisk kontroll)

Hovudføremålet for kontrolltenesta er å få ned talet på trafikkulukker. Kontrollane blir difor retta mot dei områda som gir størst effekt for trafikktryggleiken.

Kvart år vert det laga eigne trafikkplanar for Sogn (REGION Sogn).

I planane vert det sett opp :

Eigne måltal for:

- *tal kontrollerte køyretøy i region Sogn*
- *tal reaksjonar i region Sogn, som kan være; gebyr, førelegg eller anmeldelse*

Kva type kontroll:

- *fartskontroll (laser, radar, gjennomsnittsmåling)*
- *promillekontroll – aktuelle helgar*

- dokument
- Adferd
- Lys
- Bilbelte
- Skuleveg

I tillegg kommer nasjonale tema veker, fastsatt av POD.

Forvaltning

Sogn og Fjordane politidistrikt har blitt med i et prosjekt saman med fylkesmanne, som går på å bruke mulighetene i vegtrafikkloven som går på skikkethet til å inneha førarkort.

Etter at dette prosjektet ble starta har det blitt en økning i antallet førarkort som er inndratt pga. misbruk av narkotika, alkohol, eller helsetilstand. Det blir tatt forvaltningsmessige avgjersler om at føraren ikkje fylgjer vilkåra for å inneha førarkort, og må på det grunnlaget levera førarkortet frå seg.

3.3 OPPLÆRING OG INFORMASJON

Barnehagane

Det er 2 barnehagar på Årdalstangen og 4 i Øvre Årdal. Desse driv førebygging t.d. ved samtale og ved rettleiing når borna er ute i trafikken.

Tema som vert tekne opp er:

- Korleis ein kryssar ein veg, sjå seg for
- Korleis ein går langs med vegen
- Korleis ein oppfører seg når ein går på tur

Skulane

Kommunen har to oppvekstområde/skular: Øvre Årdal (Farnes skule) og Årdalstangen (Tangen skule). Barne- og ungdomssteget vert på kvar av desse stadene administrert saman.

Trygg trafikk sin perm ”trafikkopplæring” vert nytta i informasjonsarbeidet, og ein trekker også inn andre eksterne ressursar som politi, ÅTT osv.

Generelt vert alle elevane jamnleg engasjerte i registrering av trafikkfarlege punkt.

Småskulen 1. – 4.klasse:

Det vert fokusert på skuleskyss og skulevegen til 6 åringane i samarbeid med politiet og ÅTT.

Tangen skule

På Tangen skule øver dei minste i å gå skulevegen (rett side, gangfelt, kryssing, refleksbruk). Ein går skulevegen til kvar elev. Politiet kjem til skulen og deler ut refleksvestar og trafikkalendarar. I starten av året er det fylgjeteneste på skulebussen om dette syner seg nødvendig.

Dei noko eldre har meir om oppførsel i trafikken – praktiske øvingar i samband med uteskule. Seinare går ein gjennom skilt/trafikkreglar i lag med politiet. Praktiske øvingar ute.

Tangen skule har i 4.kl. sykkel som tema, m.a. sykkelløype og sykkelprøve i lag med politiet.

Borna lærer å kontrollera om sykkelen er trygg og det er utdeling av sykkelhjelm (ÅTT).

Farnes skule

Farnes skule køyrer eit trafikkopplegg ved skulestart for 1. – 4. kl. Dette omfattar t.d. politideltaking i nærmiljøet (m/stikkprøver), assistent/lærer på skulebussen, gjennomgang av bussvettreglar, utdeling av trafikkalender, Busse-Rulle og gåprøve.

Lensmannskontoret gjennomfører:

- *Aksjon skuleveg – gå til/frå skulen*
- *"Busse Rulle" – vera med skulebussen*
- *Refleksaksjon saman med andre – ÅTT*
- *Temadagar "Gåprøve"*
- *Informasjon om sykkel, verneutstyr og åtferd*

Mellomsteget 5. – 7. klasse

Det vert teke sykkelsertifikat i 4. kl. – om våren (elevane får ikkje sykla til skulen før i 5.kl.).

I 6. klasse er sykling og tryggleik tema.

Det er trafikkveke om våren 4.-7. kl. – avslutta med sykkelprøve.

Lensmannskontoret tek opp tema som:

- *Haldningar/åtferd i trafikken*
- *Viktige reglar - trafikkreglar og konsekvensar*
- *Sykkel, verneutstyr, åtferd – "Sykkeldag"*

Ungdomssteget 8.- 10. klasse

Trafikkundervisning vert i samsvar med fagplanar, integrert i andre fag – t.d. naturfag og data (trafikkstatistikk).

Tilbod om Trafikalt Grunnkurs vert gjeve til 10.- klassingane. Dette går inn som ein del av trafikk valfag.

I 10. klasse er det og eit orienteringsmøte for 16-åringar og foreldre, organisert av skulen, der folk frå Statens vegvesen (trafikkstasjon) møter for å orientera.

Elevane som har trafikk valfag underviser elevane i fjerdeklasse i ulike trafikale tema i samband med at elevane skal ha sykkelopplæring ute i trafikken.

Lensmannskontoret gjennomfører/deltek i:

- *Kriminalførebyggjande og haldningsskapande opplegg i "Politikameratane", over 2 dagar (9.kl.)*
- *Temaveke trafikk – prosjektarbeid – (Laser, gjennomsnitt....)*
- *Tema kring trafikk og trafikkopplæring.*
- *Trafikkampanjane "ikkje tøft å vere død" og "sei frå"*
- *Gjennomgang av trafikkreglar, konsekvensar av å utfordra naturlovene og å bryta dei juridiske lovene - haldningsskapande arbeid.*

Trafikk og trafikkopplæring går inn som naturleg tema i natur og miljøfag, i matematikk og IKT. Politiet har vidare utarbeidd ein undervisningsperm der dei, saman med skulane, eller åleine, gjennomfører ulike tema med elevane.

Vidaregåande skule

I kommunen er det ein vidaregåande skule, lokalisert til Øvre Årdal. Skulen har engasjert seg ein del i trafikktryggingsarbeidet, og har tidlegare hatt trafikkopplæring som eit valfag. Skulen har opplegg (temadagar) om trafikktryggleik, og deltek i ei samarbeidsgruppe (jf. ÅTT) om tryggingsarbeid på dette feltet.

ÅTT arbeider for å få til årleg temadag innan trafikktrygging.

Politiet gjennomfører/deltek i:

- *trafikkreglar/konsekvensar/førarkort for bil*
- *RUSS og trafikk – åtferd, rus*

4.0 TRAFIKKTRYGGLEIK – SITUASJONEN I DAG

4.1 LANDET OG GENERELT

Etter vegtrafikklova skal alle trafikkuhell med personskade rapporterast til politiet. For dødsulukker er rapporteringsgraden nær 100 %. Sameleis er det høg rapporteringsgrad for ulukker med alvorlege personskader, medan mindre alvorlege ulukker/skader aldri vert rapporterte anna enn til forsikringsselskap, legevakt/sjukehus. Kanskje vert 60 – 70 % av skadane aldri rapporterte - ev. berre rapporterte til forsikringsselskap, legevakt/sjukehus.

Det er undersøkt om forsikringsselskapa sitt register for trafikkulukker kan nyttast som datagrunnlag. Det viser seg at talmaterialet her er mykje større enn det som ligg i politirapporterte ulukker. Materialet er ikkje kartfesta og har ikkje oversikt over personskader i samband med ulukkene. Det kan såleis vanskeleg nyttast i planarbeidet, men det stadfestar at mindre ulukker i liten grad vert rapporterte til politiet.

4.2 TRAFIKKFARLEGE STADER I ÅRDAL

Trafikkfarlege stader – aktuelle tiltak

Med bakgrunn i lokalkunnskap, vert ei rekke stader i kommunen vurderte som trafikkfarlege.

Vedlegg 1 (innspel om trafikktrygging/parkering) er eit oversyn og ein kort omtale av desse stadene/tiltaka. Det er då teke utgangspunkt i tidlegare planarbeid og i innspel som har kome i planarbeidet no (etter særskild oppmoding), på arbeidsmøte i samband med planen og i kontinuerlege innspel til tekniske tenester og Årdal Tenk Tryggleik.

5.0 VISJON OG HOVUDMÅL FOR TRAFIKK OG VEGNETT

Årdal skal vera ein god stad å bu for alle grupper. Med bakgrunn i dette ynskjet og ut frå signal frå sentrale styresmakter, er det sett opp ein visjon for arbeidet med trafikktrygging og vegforvaltning i Årdal:

- *Ingen drepne og ingen hardt skadde i trafikken*
- *Eit godt og tenleg vegnett for alle brukargrupper*

For å oppnå dette, skal ein arbeida mot følgjande **hovudmål**:

1. Tryggleik:

Trafikantane skal ferdast trygt på vegnettet i kommunen.

2. Service:

Vegforvaltinga skal vera brukarorientert og gje god og effektiv service.

3. Funksjonelt vegnett:

Vegnettet skal vera funksjonelt for ulike trafikantgrupper.

4. Miljøomsyn:

Det skal takast omsyn til best mogleg miljø for trafikantar og for vegomgjevnadene

5. Vern om verdiar:

Det skal takast vare på dei verdiane vegsystemet representerer.

6. Økonomi og organisasjon:

Utbygging, forvaltning, drift og vedlikehald av vegnettet skal skje mest mogleg rasjonelt og kostnadseffektivt.

Dei ovannemnde hovudmåla vert nærare detaljerte med delmål og tiltak i kapittel 6.0.

6.0 DELMÅL OG TILTAK

Hovudmåla vert her inndelte i delmål – og med tiltak for å oppnå desse måla. Dei konkrete tiltaka på vegnettet er tekne inn i kapittel 7.0 (trafikktrygging) og 8.0 (heile vegsektoren).

6.1 TRYGGLEIK:

Delmål 1: Det skal gjevast grunnleggjande trafikkopplæring i skule og barnehage

1	Arbeidet i barnehagar og skular m/samarbeidspartar (politi, vegv. ÅTT, Trygg Trafikk...) held fram, <i>jf.kap. 3.3 ovanfor</i>	Skule/Barnehage m.fl.
2	Minst ein lærar ved kvar skule og kvart steg (1.-4.kl., 5.-7.kl., 8.-10. kl.) skal ha spesialkunnskap innan trafikk.	Skulen
3	Ynskjeleg med tilsvarande trafikk-kunnskap som i punktet over også i vidareg. skule	Vidareg.sk. fylkeskomm
4	Trafikktryggingsskampanje i skulane årleg – samarbeid mellom Trygg Trafikk, ÅTT, politi, Vegvesen og grunnskule/-vidaregåande (framhald/utvikling av noverande rutiner)	Skulane, dei nemnde partane
5*	Orienteringsmøte for elevar/foreldre om føraropplæring – <i>sjå nærare nedanfor</i>	Skule/vegv.

*Føraropplæring

Det bør i 10. klasse heldast orienteringsmøte for 16-åringar og foreldre, organisert av skulen og der folk frå Statens vegvesen møter for å orientera.

Vidaregåande skule bør gje tilbod om trafikkopplæring, gjerne knytt til føraropplæringa. Parallelt med ovannemnde vert det tilrådd køyretrening med t.d. foreldre frå fylte 16 år. Målsetjinga bør vera 150 – 200 timar eigentrening før førarprøven.

Delmål 2: Dei unge skal vera bevisste når det gjeld åtferd i trafikken

1	Trafikkaksjonar – samarbeid med politiet, ÅTT osv.	Skulen
2	Elevundersøking, registrering og statistikk-føring (bilbeltebruk, hjelm, vikeplikt.....)	Skulen
3	Tilbod om mopedundervisning i ungdomsskulen	Skulen
4	Tilbod om teoriundervisning – førarkort (jf. delmål 1, pkt. 5)	Vidareg.sk. Fylkeskomm

Delmål 3: Vaksne skal vera merksame på rolla som førebilete for born og unge

(Dette vil samstundes betra deira eiga forståing for - og åtferd i - trafikken!!)

1	Kurs for pedagogisk personale (skule/barnehage) og forelderåd	Skule/-barneh
2	Aksjon for betre trafikkultur, samarbeid med Trygg Trafikk	Politi/ÅTT
3	Informasjon til lag og organisasjonar om haldningar og trafikkåtfærd i samband med køyring av born/unge til ulike arrangement, samarbeid med Trygg Trafikk/Stat.vegev.	Politi/ ÅTT
4	Øvingskøyning med foreldre/føresette (jf. delmål 1, pkt. 5)	Foreldre

Delmål 4: Eldre skal kjenna seg trygge i trafikken

1	Eldre og trafikktryggleik – samarbeid Trygg Trafikk, ÅTT, politi, Statens vegvesen, eldreråd og eldresenter, fylkeslegen	Komm., ÅTT, eldreråd,
2	Tilbod om køyreopplæring etter opplegget ” 65+”	Eldreråd, ÅTT

Delmål 5: Vegane skal vera trygge å ferdast på heile året

1	Standard for drift og vedlikehald (<i>Vedlegg 3</i>) skal gjelda for kommunale vegar og skal m.a. sikra trygge vegar alle årstider. Brøyting/strøing reduserer t.d. faren for fallskader (lårhalsbrot)	Kommunen
2	Ein skal følgja prioriteringsliste for utbetring av trafikkfarlege stader, <i>jf. kapittel 7.0</i>	Komm.tekn.
3	Haldningskampanje/informasjon for å gje betre siktilhøve, reglar om sikt i vedlikehalds-/driftsstandard, <i>jf. vedlegg* 3</i>	Komm.tekn. ÅTT
4	Senking av alle fortauskantar mellom viktige målpunkt. Dei viktigaste stadene vert det nytta granitt.	Kommunal- tekn.tenester
5*	Fartshumpar der det trengst av omsyn til tryggleiken	Komm.tekn.
6	Feilparkeringsaksjon, særleg vedk parkering på fortau/gangfelt Orientering om parkeringsreglar	Politiet
7	Det vert (som tidlegare) gjort uventa farts-kontroll på Årdalsvegen. Tid og stad vert valt etter faregrad.	Politiet
8	Varelevering – samarbeid med politiet og næringsdrivande om betre løysingar. Billaget vil stå sentralt. – Ta dette opp i byggje/plansaker og generelt	Komm.tekn., private
9	Skiltplan for kommunen skal ajourhaldast i samarbeid med Vegvesenet og politiet.	Komm.tekn.

**Vedk. fartshumpar: Det har kome fleire innspel med ynskje om fartshumpar (vedlegg 1). Som grunnlag for prioritering skal det gjerast fartsmålingar i aktuelle område, og ein skal og måla fart i område der det alt er etablert humpar.*

6.2 DEN KOMMUNALE VEGSEKTOREN GENERELT

6.2.1 SERVICE

Delmål 1: Ha god nok beredskap til uventa hendingar

1	Planar for uventa hendingar på kommunale vegar (<i>beredskapsplan</i>)	Komm.tekn.
2	Vaktordningar for kommunale vegar (brøyting/teknisk vakt)	Komm.tekn.
Delmål 2: Ha god og effektiv sakshandsaming overfor publikum		
1	Ha kundeekspedisjon – i serviceekspedisjonen i rådhuset	Kommunen
2	Gje svar på spørsmål innan ein viss frist	Komm.tekn.
3	Ha eit oppdatert register over vegane (<i>jf. vedlegg 2</i>)	Komm.tekn.

6.2.2 FUNKSJONELT VEGNETT

Delmål 1: Alle trafikantgrupper skal koma fram på ein god måte heile året		
1	Standard for drift og vedlikehald skal sikra framkommelegheit <i>Vedlegg 3</i>	Komm/St.veg v.
2	Reglar for standard på nyanlegg m.v. skal sikra eit godt vegnett, <i>Vedlegg 3</i>	Komm.tekn.
Delmål 2: Syklende og gåande skal ha eit attraktivt og funksjonelt vegnett		
1	Sikra samanhengande, skilta gang/syssel-vegnett, prioriteringsliste	Komm.tekn.
2	Sysselplan og sysselkart – i kommuneplanen sin arealdel	Kommunen
3	”Bruk syssel”- kampanjar; framhald/utviding av tidlegare kampanjar ”Gå- og sykle til jobben”	Kommune/ Næringsliv
Delmål 3: Det skal sikrast godt tilgjenge til kollektive reisemåtar		
1	Etablera naturlege samband til stoppeplassar	Kommunen
2	Byggja leskur på busshaldeplassar	Kommunen , statens vegv.

6.2.3 MILJØMSYN

Delmål 1: Ureining skal påverka menneske og vegomgjevnader minst råd		
1	Sørgja for kontrollert avrenning frå vegbana, feiing og støvfjerning (<i>jf. standard for drift/vedlikehald, vedl.3</i>)	Komm.tekn.
2	Støytiltak – vurderer behov for dette m.a. i plansaker og byggjesaker	Komm.tekn.
Delmål 2: Sentrum/sentrumsnære område skal vera tiltalende og funksjonelt utforma/ vedlikehaldne		
1	Høg reinhaldsstandard (<i>jf. stand. drift/vedlikehald , vedl.3</i>)	Komm.tekn.
2	Einskapleg form og design på gateutstyr i samsvar med gjeldande kommunale krav – ta opp m.a. i plan/byggjesaker	Komm.tekn.
3	Vidare oppfølging av sentrumsplanane Tangen/Øvre	Kommunen

6.2.4 VERN OM VERDIAR

Delmål 1: Dei tekniske eigenskapane til vegnettet skal takast vare på slik at levetida vert sikra		
1	Standard for drift og vedlikehald skal følgjast, <i>jf. vedlegg 3</i>	Komm.tekn.
Delmål 2: Vegutstyr og tekniske installasjonar skal fungera		
1	Standard for drift og vedlikehald skal følgjast, <i>jf. vedlegg 3</i>	Komm.tekn.
Delmål 3: Verneverdige element skal takast vare på		
1	Skjerma spesielle bygningselement mot trafikkpåkjeningar, sprut osv. (døme eldre bruer, bygningar, murar)	Komm.tekn.

6.2.5 ØKONOMI OG ORGANISASJON

Delmål 1: Den interne organisasjonen skal vera slik at ein sikrar fleksibilitet og samarbeid		
1	Internkontrollsystemet med tanke på kvalitetssikring og for å fremja tryggleik på arbeidsplassen skal reviderast kvart år	Komm.tekn.
2	Det skal haldast oppe gode samarbeidsformer internt	Komm.tekn.

3	Kommunal vegforvaltning skal samarbeida med andre vegforvaltarar.	Komm.tekn.
Delmål 2: Kostnader for leveransar til andre eller som følgje av andre sitt inngrep i vegnettet, skal dekkast etter sjølvkostprinsippet		
1	Tenester levert til andre skal krevast dekkast	Komm.tekn.
Delmål 3: Drift og vedlikehald skal optimaliserast		
1	Kontinuerleg evaluering av standard for drift og vedlikehald, <i>jf. vedl. 3</i>	Komm.tekn.

7.0 FYSISKE TILTAK – TRAFIKKTRYGGING 2016 – 2026

Dette kapitlet gjeld dei tiltaka som spesielt er retta inn mot trafikktrygging. Kapittel 8.0 omfattar heile vegsektoren.

Dei tiltaka som er nemnde nedanfor skal gjennomførast i planperioden 2016 – 2026 (10 år) i samsvar med den prioriteringa som er nemnd nedanfor. Det er i stor grad lagt vekt på å fremja tiltak som vil betra tilhøva for skuleelevane og mjuke trafikantar generelt.

Ansvarleg vil i utgangspunktet vera vegeigaren, dvs. fylkeskommunen for fylkesvegar og kommunen for kommunale vegar (evt. også private for nokre vegar). Det er likevel ein del prosjekt med delt ansvar.

For tiltak innafor fylkeskommunen sitt ansvarsområde vil kommunen oppmoda om at det vert teke omsyn til prioriteringane nedanfor.

7.1 STRAKSTILTAK/SKILTING OG STØRRE FYSISKE TILTAK

Strakstiltak/skilting er lite kostnadskrevjande tiltak som kan gjennomførast snøgt, tiltaka elles er meir omfattande.

*1,2,3 til høgre = prioritet, **strakstiltak/skilting er merka med S***

NR.	Stad, tiltak – omtale m.v. (NR. til venstre er henta frå vedlegg 1)	Vegtype	Priorit.
	FYLKESVEGAR UTANOM TETTSTADENE		
	Rassikring:		
	Fv 53- Rassikring Midne (Tunnel – 600m) Rassikring på veg med høg trafikkbelastning ÅDT 2300	Fv	1 K sak 013/13
	Fv 53 – Årdal – Tyin (Jåteli) Vegstrekning mellom 400-meteren og rasoverbygget er svært rasutsatt. Vegbana frå 400-meter til Holsbru svært smal og dårlig dekke	Fv	2 K sak 013/13
	Fv 301 Farnes – Hjelle (Galden) fjellsikring	Fv	3 K sak 013/13
	Investeringsiltak:		
	Fv 303 Seimsdalstunnelen (oppgradering)	Fv	1 K sak 013/13
	Fv 302 Øvstetun – Holsæter (utviding av svingar og møteplassar)	Fv	2 K sak 013/13

Straktiltak/skilting og meir omfattande tiltak - framhald			
ØVRE ÅRDAL			
Tidl. plan	Mellom gamleskulen og Match-butikken i Øvre Årdal: – ynskjer fotgjengarfelt	Kv	S1
17	Ynskje om gangfelt ved Jålebroki – Årdalsentert	Kv	1
18	Dårlig lys ved gangfelt Bukti	Fv	1
2	Utskifting av fortau og gatelys i Flotavegen	Kv	2
26	Bilar køyrer inn på leikeplass Ivar Norviksveg ‘’ sykkelsperre’’	Kv	2
4	Ynskje om ladepunkt El-bil Øvre Årdal	Kv/Fv	2
22	Dårlig gatelys på strekningen Strandvegen-Farnesvegen		1
27	Vassproblem ved fartsdump Haakon VII veg (4mannsbolig)	Kv	Drift
28	Oppretta nye P-plassar i Ivar sterrisveg v/Farnes skule	Kv	2
29	Skilta parkering for bil m/campingvogn og bobil	Kv	2
31	Nytt fortau og gatelys frå Rallar – kryss Hydro	Fv	2
32	Nytt fortau og gatelys Elvavegen	Kv	1
UTLADALEN			
(Kst)	Fv 301 Farnes – Hjelle; rassikring Galden , jf.s.26: kommunestyresak 047/09	Fv	4 I sak 047/09
8	Forbode for gåande frå Ålmenhagen bru – Tronteigen bru	Fv	2
FARDALEN			
36	Reprasjon av mur v/Hestekreke Fv 302	Fv	1
ÅRDALSTANGEN			
1	Parkeringsproblem ved Tangen skule	Kv	1
16	Ønskje om fortau i Sløbakkvegen	Kv	2
19	Dårlig lys ved gangfelt Bjarne Sandvik ‘’Fv 53’’	Fv	1
20	Dårlig lys ved gangfelt Kåre Bruhaug ‘’Fv 53’’	Fv	1
21	Dårlig lys ved gangfelt Kristiansen ‘’Fv 53’’	Fv	1
4	Ynskje om ladepunkt El-bil Årdalstangen	Kv/Fv	2
23	Dårlig gatelys på strekningen Rådhus-bru-Hydrovegen-Vollevegen	Kv	1
24	Parkeringsproblem x Kaigata	Kv/Fv	3
25	Gjerde/rekkver langs Tangenvegen ved Dooriabygget er for lågt	Fv	2
39	Bosscontainer ved Tangen skule bør flyttast frå P-plass	Kv	Drift
30	Flytta 50 km skilt ved Sortland nermare Seimsdalen	Fv	1
38	Dårlig lys ved gangfelt kryss Fv 303 - Hydrovegen	Kv	1
SEIMSDALEN			
9	Utbedra dekke og sving ved Ungdomshuset i Seimsdalen	Fv	2
10	Dårlig sikt kryss Fv 303 – Seimsvegen ‘’Lakkegjerdet’’	Fv	2
11	Gangveg langs Fv 303 Seimsdalen, langs veg opp dalen	Fv	3
12	Manglar rekkverk Fv 303 Seimsdalen frå Lakkegjerde og oppover	Fv	3
13	Dårlig dekke og underlag frå Årebru - Lakkegjerdet	Fv	2
14	Siktrydding Seimsdalen	Fv	Drift
15	Ynskje om at vegen blir forkøyrsvveg (Fv 303)	Fv	1
33	Utvida svingane på Fv 303 Seimsdalen	Fv	2

7.2 FARTSMÅLING

Det skal snarast gjennomførast fartsmåling på dei nedom nemnde strekningane.

Viss over 5% av køyretøya har for stor fart, skal det vurderast tiltak, t.d. 30-sone/-fartsdemping.

Strekningane vil då bli prioriterte for ev. tiltak så snart som mogleg.

NR.	Stad, tiltak – omtale m.v. (NR. til venstre er henta frå vedlegg 1)	Vegtype
	ØVRE ÅRDAL	
3	Høg fart i Vesvollvegen, måling utført "ingen køyrer over 30 km/t"	Kv
6	Stor fart ved Veesvegen 25, ønskjer fartsdump	Kv
	UTLADALEN	
5	Ønskje om fartsdump i Ålmenhagen "fartsmåling"	Kv
	ÅRDALSTANGEN	
	SEIMSDALEN	

7.3 DRIFT

Nedanfor er samla alle innspel som gjeld drift.

Dette er tilhøve som i innspela vert sett på som spesielt vanskelege og som vil bli handsama snarast i tråd med kommentaren i kolonna til høgre, men er og døme på kva gode driftsrutinar har å seia også for trafikk-tryggleiken. M.a. har ÅTT faste rutiner for tiltak mot sikthindrande vegetasjon, jf. og kap. 6.1 (delmål 5) og vedl.4 (standard for drift og vedlikehald).

NR.	Stad, tiltak – omtale m.v. (NR. til venstre er henta frå vedlegg 1)	Ansvarleg
	DRIFTTILHØVE GENERELT	
Tidl. plan	Oppmoding frå Fylkesrådet for eldre til Statens vegv. og kommunane om at fortau, gang- og sykkelvegar vert rydda for snø og strødde	Komm./vegv.
	FYLKESVEG 53 UTANOM TETTSTADENE	
(Kst)	Heildøgns brøyteberedskap og utstyr/bemannning på Holsbru brøytestasjon – jf. kommunestyret sak 082/08 der dette har 2.prioritet., jf. og Kst.047/09	Statens vegv.
34	Kalking av tunnelane på Fv 53 Øvre Årdal - Årdalstangen	Statens vegv.
37	Kalking av Finsåstunnel Fv 53 Årdalstangen	Statens veg.
	ØVRE ÅRDAL	
	UTLADALEN	
7	Dårlig sikt pga store trær Holevegen 2-5	Kommunen
35	Kalking av Seimsdalstunnelen	Statens veg.
	ÅRDALSTANGEN	
	SEIMSDALEN	

7.4 TRAFIKKTRYGGING – KOMMUNALE INVESTERINGAR 2016– 2022:

For planperioden 2016 - 2022 er det i utgangspunktet sett av kr. 250.000 i året til trafikktryggingstiltak jf. kap. 8.4 nedanfor. Dette er kommunen sin del av kostnadene.

Tiltaka vil bli prioritert årleg, ut frå listene i kapittel 7.1 og 7.2.

8.0 TILTAK FOR HEILE VEGSEKTOREN SAMLA 2016 – 2026

Dette er alle tiltak – også dei som i utgangspunktet har andre mål enn trafikktrygging. Døme kan vera miljøopprusting, tilrettelegging for tur/friluftsliv, bygging av nye vegar eller opprusting av eksisterande vegar (ut over vanleg vedlikehald).

Dei meir spesifikke trafikktryggingstiltaka går fram av kapittel 7.0.

Vedlikehald av fortau og gang/sykkelveg langs fylkesvegar i Årdal

Frå 1. september 2014 starta ein ny kontraktperiode for drift og vedlikehald av vegnettet i Indre Sogn.

Fylkeskommunen har ansvar for Fv 53 med tilhøyrande gang- og sykkelveg samt fortau.

For resten av fylkesvegane i Årdal har fylkeskommunen ansvar for tilhøyrande fortau, men ikkje for gang- og sykkelvegar. Drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar langs desse fylkesvegane, er såleis framleis kommunen sitt ansvar.

8.1 TILTAK KNYTT TIL KOMMUNALE VEGAR

I planperioden vil kommunen gjennomføra følgjande:

Standard for vegnettet

- Asfaltering i samsvar med eigen plan
- Opprusting av bruer i samsvar med brurapport 2013 (jf. kap. ”Bruer” i vedlegg 3)

Miljøtiltak m.v.

- Vidare sentrumsopprusting – jf. vedtekne planar

I tillegg kjem tiltak som kan gjelda vegnettet, men som i plan/ budsjettssamanheng høyrer til under andre område enn vegsektoren (t.d. mindre turstiar og andre miljøtiltak). Det vert m.a. synt til økonomi- og handlingsplan.

8.2 PARKERING

Det er avsett soner for langtids- og korttidsparkering i sentrumsområda. Korttidsparkering skal vera maks 2 timar på vanleg parkeringsplass, og 15 min. på avlastingslommer langs fortauet (ved forretningar osv.)

Standard på parkeringsplassar, oppmerking/skilting

Krav til breidde/lengde osv. går fram av vedlegg 4.

Handikap-parkering er merka.

Parkeringskapasitet for personbilar

Skilting med p-forbod ein stad må innebera auka kapasitet andre stader dersom behovet i det aktuelle området tilseier det.

Årdalstangen sentrum:

Parkering sentrum

Farnes sentrum:

Parkering sentrum

Oppretta ny parkering Jotunplassen

Torgplass

Det er ein plass med straum og ein plass utan straum i sentrumsområdet både i Øvre og Tangen. Det er reglar for utleige – m.a. reglar for å unngå ureining/oljesøl.

8.3 BILVRAK PÅ OFFENTLEG VEG/PLASS

I mai kvart år held kommunen og politiet eit møte med gjennomgang av innmelde saker og det vert samstundes gjennomført synfaring.

Ansvarlege for vrak vert kontakta og gjevne ein frist for å fjerna vraket sjølv. Oppfyller dei ikkje fristen, vert vraka fjerna av det offentlege.

8.4 KOMMUNALE INVESTERINGAR TOTALT PÅ VEGNETTET 2015 - 2021

I økonomiplanperioden skal det på vegbudsjettet leggjast til grunn eit investeringsnivå på kr. 1,5 mill. årleg – dette er lagt inn i det kommunale driftsbudsjettet.

Sentrumsoppgrusting er ikkje med, då dette i plan/økonomisamanheng fell inn under andre kapittel enn veg)

I perioden skal følgjande gjennomførast (kronebeløp i 2010 verdi) :

Tiltak	2016	2017	2018	2019
Bruer	200.000	200.000	200.000	200.000
Asfalt	2.000.000	2.000.000	2.000.000	2.000.000
Trafikktrygging (kommunal del, jf. kap.7.4)	200.000	250.000	250.000	250.000
Offerdalsvegen/Tunnel	100.000	100.000	100.000	100.000
SUM	2.500.000	2.500.000	2.500.000	2.500.000

Kommentarar:

Bruer: Naudsynt nivå for å greia oppgradering av ei bru årleg (i samsvar med brurapporten)

Asfalt: Nivå for at ein i gjennomsnittet skal få fornying av dekk kvart 80. år, jf. asfalteringsplan.

Trafikktrygging: Dette gjeld konkrete trafikktryggingstiltak i samsvar med kapittel 7.0

Offerdalsvegen: Veggen er den einaste grusvegen i kommunen, men 1,2 km er no asfaltert

8.5 KOMMUNEN SITT SAMLA VEGBUDSJETT

Samla kostnadstal for drift og vedlikehald er ca. kr. 7,3 mill. (budsjett 2015), av dette går ca. 1,545 mill. til veg- og gatelys.

I talet ligg det og inne årleg investeringar på kr. 650 000,-.

Nedanfor er eit oppsett over utviklinga (rekneskap 2013 og 2014, budsjett 2015)

Ansvar	162	Rekneskap 2013		Rekneskap 2014		Budsjett 2015	
Funksjon	Tekst	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter

28501	Fylkesveg 302	193.000	239.000	195.000	247.000	254.000	218.000
28502	Fylkesveg 302 - vinter	231.000	0	208.000	0	206.000	0
28503	Fylkesveg 301 og 303	606.000	171.000	575.000	281.000	564.000	309.000
33211	Kommunale vegar	2.214.000	62.000	2.709.000	48.000	2.884.000	20.000
33212	Komm.vegar - vinter	873.000	0	843.000	20.000	1.203.000	0
33213	Gatelys	1.763.000	27.000	1.432.000	28.000	1.545.000	10.000
33214	Kantslått	0	0	0	0	34.000	0
33215	Gatefeiing	1.000	0	17.000	8.000	55.000	0
33216	Asfaltering	332.000	0	250.000	0	250.000	0
33217	Ofredalsvegen	30.000	0	51.000	0	0	0
33218	Kommunale bruer	99.000	0	11.000	0	200.000	0
33219	Trafikktrygging	1.283.000	365.000	570.000	321.000	200.000	0
Sum f.veg		1.030.000	410.000	978.000	528.000	1.024.000	527.000
Sum veg		6.595.000	454.000	5.883.000	425.000	6.371.000	30.000

8.6 ARBEID FOR ANDRE

Utedrift Teknisk har for tida ansvar for følgjande oppgåver for andre aktørar:

- Årdal Energi as – brøyting/strøing
- ÅVS – brøyting/strøing
- ASVO – brøyting/strøing
- Årdal Plast – strøing
- Nedre Storøyni Sameige - strøing
- Årdal BBL – brøyting/strøing
- Østfold Energi – brøyting/strøing
- Indre Sogn Sparebank – brøyting/strøing
- Opedal Drift AS – brøyting/strøing Fv.301 og 303
- Statens vegvesen – vedlikehald Fv 302 Fardalen

DEL II: PARKAR, IDRETTSANLEGG, LEIKEPLASSAR M.V

9.0 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

9.1 ANSVARSTILHØVE

Utedrift Teknisk har følgjande ansvarsområde som rører utedriftinga:

- Drift og vedlikehald på alle uteområde (aktivitetsareal, fotballanlegg, nærmiljøanlegg, leikeplassar, parkar mv)
- Ansvar for leikeplassutstyr (kontroll, vedlikehald osv.) i barnehagane og på skulane.

Årdal kommune har eigen folkehelsekoordinator som har ansvarsområde knytt mot aktivitsdelen i kommunen.

9.2 GENERELT OM PRIORITERING

I kommunestyresak 4/01, 25.01.01 vart det gjort slikt vedtak:

”Årdal kommune meiner at idretten har gode vilkår i Årdal. I dag er den kommunale økonomien strammare og av den grunn må vi legge opp til at framtidige nyanlegg, drifting og vedlikehald av desse og eksisterande anlegg, i større grad må utførast av andre interessepartar.”

Sett i lys av at Årdal kommune i dag også har mykje gode eksisterande nærmiljøanlegg/ område samt fleire nye planlagde anlegg/område, vil det vera naturleg at også desse anlegga/områda vert vurdert opp mot liknande vedtak som vart gjort for idrettsanlegga.

Dersom ein for framtida skal kunne sikra at kommunen er i stand til å driva alle kommunale aktivitsanlegg, bør det gjerast vurderingar om det mogleg å omklassifisera eller overføra nokre område/anlegg til t.d. burettslag eller idrettslag, eventuelt grendalag der slike finst.

Tanken med denne planen er å fokusera på Tekniske tenester sitt ansvar innafor sektoren, m.a. korleis ein skal prioritera opparbeiding, drift og vedlikehald innafor eit stadig knappare kommunebudsjett.

9.3 MÅLSETJINGAR OG STRATEGIAR FOR KOMMUNEN SIN POLITIKK PÅ OMRÅDET IDRETT OG FOLKEHELSE

Vedtekne av kommunestyret knytt til kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet:

Overordna målsetjing er at ”Årdal skal vere ein god stad å leve og bu”. Område for idrett, friluftsliv og folkehelse er eit av dei viktigaste områda for kommunal tilrettelegging for å nå ei slik målsetjing.

Idrett

Årdal kommune vil i denne planperioden prioritera vedlikehald og utvikling av eksisterande idrettsanlegg framfor å byggje nye.

Nærmiljøanlegg

Årdal kommune vil i planperioden prioritera anlegg for målgruppene born (6-12 år) og ungdom (13-19 år) samt leggja til rette for sentrumsnære aktivitetar for alle innbyggjarar.

10.0 BESKRIVING AV NOSITUASJON – REGISTRERING AV ANLEGG OG AKTIVITET

10.1 AREAL SOM TEKNISK UTEDRIFT, PARK, HAR ANSVAR FOR:

Tabellen nedanfor omfattar idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, parkar m.v.

Nr	Delområde	Tal anlegg	Areal i m2	Plen m2	Grasbakke m2	Buskar m2
10	Årdalstangen	45	149 079	33 072	9 936	2 839
20	Øvre Årdal	66	196 392	48 008	28 223	8 297
30	Utladalen	23	56 003	163	15 107	914
40	Seimsdal	31	149 391	7 791	29 296	296

50	Naddvik	1	1 266	-	548	-
	Sum	166	552 131	89 034	83 110	12 346

10.2 IDRETTSANLEGG, NÆRMILJØANLEGG M.V.

Kriss – registeret (KKD) for idrettsanlegg og spelemiddelsøknader har registrert om lag 70 anleggsstader med 160 ulike anleggseiningar i Årdal kommune.

Årdal kommune har god dekking i høve til dei fleste anleggseiningar som er etterspurde,

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet har eit grundig oversyn over aktivitetstypar og anleggstypar, jf. og vedlegg 5 med kart og anleggsliste.

Av anlegg som er rørde av denne kommunedelplanen for utedrift, er det mellom anna;

- 2 friluftsbad med opplæringsbasseng, stupetårn og sklier
- 2 grasbaner med full storleik
- 3 Fotballtreningsfelt
- 1 krøllgrasbane for seniorfotball med undervarme
- 1 krøllgrasbane for 7 ar fotball
- 1 Anlegg for friidrett
- 2 ballbinge
- Ei rekkje nærmiljøanlegg: leike og aktivitetsplassar, ballplassar, aktivitetsareal og td.skytebaner

Fotballanlegga dekker i hovudsak trenings- og kampbehov for laga i bygda sjølv om det i skuldersesongane er stor pågang på kunstgrasanlegga. På dagtid er anlegga disponible for skulane i bygda.

Friidrettsanlegg

Det er eitt anlegg for friidrett, Jotun Stadion, men anlegget har dei seinare åra vore lite prioritert for bruk og vedlikehald.

Ein tilstandsrapport friidrettsforbundet konkluderer med at Jotun stadion har trong for ei oppgradering, særskilt med tanke på spurtandekke. Idrettslaga har gratis treningstid i anlegget og skulane i Øvre Årdal disponerer dette på dagtid.

Andre anlegg

Årdal kommune har fleire gode anlegg og aktivitetsområde som kan nyttast til idrett og aktivitetar knytt til friluftsliv og folkehelse, m.a.ei rekkje nærmiljøanlegg og lågterskel sentrumsnære turstiar osv.

Friluftsliv

Årdal kommune har gode moglegheiter for å leggja til rette for auka aktivitetar knytt til både kvardagsfriluftslivet og i friluftslivsområde. Fleire lag og private aktørar samarbeidar i dag godt med Årdal kommune om å leggje til rette for slike aktivitetar. Denne planen kjem lite inn på desse sidene.

10.3 PARKAR, GRØNTANLEGG OG SENTRUMSOMRÅDE

I Årdal er det mange parkanlegg og viktige grøntdrag. Det er også mange ”grøne lunger” – t.d. små ”restareal” knytt til veganlegg m.v.

Teknisk utedrift sitt ansvarsområde omfattar også sentrumsområda i Øvre Årdal og på Årdalstangen. Sentrumsområda er dei områda som får høgast prioritet når det gjeld drift og vedlikehald.

Sentrumsområda er definerte slik:

Øvre Årdal: Området mellom Hydro-krysset og ungdomshuset

Årdalstangen: Området mellom rundkøyringa og Hæreidsbrua

10.4 ARBEID FOR ANDRE

Teknisk utedrift har for tida ansvar for følgjande oppgåver for andre aktørar:

- Kyrkja – sjå vedlegg 3

11.0 OPPRUSTING OG VEDLIKEHALD – PRIORITERING

Det er stor trong for rehabilitering og vedlikehald på nokre av dei kommunale anlegga.

Vedlikehald av anlegga må, i følgje kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet, gjevast høgare prioritering i kommunen sitt årlege vedlikehaldsarbeid.

Fleire av anlegga har trong for oppgradering og meir ressursar til vedlikehald enn det som har vore prioritert i førre periode. Tenesteområde Utedrift har ansvar for årleg å gjennomføra vedlikehaldssynfaring ein til to gonger i året, med målsetjing om å få fram årleg vedlikehaldsbehov som kan spelast inn i budsjettprosessane.

I den økonomiske situasjonen kommunen no er i, er det likevel naudsynt å prioritera dei mest brukte anlegga slik at desse kan få ein god standard for brukarane.

Samstundes må ein halda eit vedlikehalds/driftsnivå som sikrar at dei uprioriterte anlegga ikkje forfell. Kva område som er prioriterte, vil kunna variera frå planperiode til planperiode – m.a ut frå befolkningsamansetjinga til ei kvar tid.

For dei områda/anlegga som ikkje er prioriterte av kommunen og heller ikkje vert overtekne for drift/vedlikehald av andre (tredje sektor), vil utstyr bli teke inn og demontert. Dette gjeld alle typar anlegg som er omtala i kapittel 11.1, 11.2 og 11.3 nedanfor

11.1 PRIORITERING BALLPLASSAR/IDRETTSANLEGG

Av vedlegg 6 går prioriteringa av anlegga fram

Av dei 25 anlegga som er med på lista, er det 17 som er prioriterte for aktiv bruk i perioden. Dei prioriterte er merka med 1 i kolonnen ”ÅK”. Mellom desse 17 er 7 av ballplassane vidare prioriterte for kunstgras – i rekkjefølgje 1 – 7.

11.2 PRIORITERING LEIKEPLASSAR

Leikeplassar skal skapa gode leikemiljø og vera utforma slik at dei dekkar den trongen dei enkelte borna i alle aldersgrupper har i høve til utvikling og tilgjenge. Leik er ein viktig del av borna si utvikling, og leikeplassane må skapa tryggleik og fellesskap og vera viktige møtestader i nærmiljøet. Jf. plan og bygningslova §2 som strekar under at det skal leggjast til rette for gode oppvekstvilkår.

Ut frå ovannemnde er det viktig at leikeplassane til ei kvar tid er i tryggleiksmessig stand etter ”Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr”.

Prioriteringa av leikeplassar går fram av vedlegg 4.

Av dei 35 anlegga som er med i vedl.4, er det 20 som er prioriterte for aktiv bruk i perioden. Dei prioriterte er merka med 1 i kolonnen ”ÅK”.

Mellom desse er 6 spesielt prioriterte for opparbeiding/oppgradering – i rekkjefølgje 1 – 6. Ny leikeplass i Naddvik er sett som første prioritet.

11.3 PRIORITERING PARKANLEGG OG ANDRE GRØNTANLEGG

Det er stadig aktuelt å gjennomføra mindre tiltak i anlegga – m.a. for å forenkla driftsrutinene og t.d. for å få meir tenlege plantesortar.

12.0 DRIFTSRUTINAR

Vedlegg 3 omfattar m.a. driftsrutinar for teknisk utedrift vedkomande parkar, idrettsanlegg med meir. Desse rutinane skal vera det nivået ein legg seg på i planperioden.

13.0 AVHENDING OG UMLEIGE AV AREAL

Balløkker, leikeplassar eller areal som ikkje vert prioriterte av Årdal kommune, skal vurderast å seljast.

Kva område som er prioriterte, vil kunna variera frå planperiode til planperiode – m.a. ut frå befolkningssamansetjinga til ei kvar tid. T.d. er det krav om tenlege og trafikktrygge leikeplassar for alle born i ulike aldrar. Vidare er det eit ynskje å ha ein sterk grøntstruktur i kommunen (jf. t.d. innspel frå Fylkesmannen)

Det er difor viktig med ei grundig vurdering i kvart tilfelle om det er rett å avhenda arealet. Ofte vil eventuell avhending dessutan krevja ein planprosess etter plan- og bygningslova (t.d. regulering).

Rådmannen har mynde til å avhenda mindre restareal som ikkje har nokon klår funksjon og som lett kan tilknyttast annan eigedom, jf. politisk vedtak sak.nr. 08/1848-5 og til delegeringsreglement pkt 2.2.68.

Areal som tredje sektor (t.d. friviljuge organisasjonar) ynskjer å opparbeida med søknad om tilskot, kan leigast ut vederlagsfritt i 20 år. Tredje sektor må dessutan i større grad delta i vedlikehald av anlegg.

14.0 SAMLA BUDSJETT

Nedanfor er eit oppsett over utviklinga (rekneskap 2013 og 2014, budsjett 2015) for park:

Ansvar	162	Rekneskap 2013		Rekneskap 2014		Budsjett 2015	
		Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter
33510	Parkar grøntanlegg	2.399.000	133.000	3.050.000	38.000	2.590.000	450.000
33512	Leikeplass	323.000	26.000	293.000	0	328.000	0
38014	Idrettsanlegg	341.000	10.000	336.000	1.000	313.000	0
Sum park		3.063.000	169.000	3.679.000	39.000	3.231.000	450.000